

Kan eg søke erstatning for skaden min?



norsk
pasientskade-
erstatning

Kva skal til for å få erstatning for ein pasientskade?

For at du skal få erstatning for ein pasientskade, må tre vilkår vere oppfylte.

Pasientskaden må komme av svikt i behandlinga

Du må ha fått ein skade som kjem av behandling, undersøking, diagnostisering eller oppfølging. Ein slik pasientskade kan vere både forbigåande og varig. Du har ikkje krav på erstatning viss skaden kjem av den sjukdommen du blei behandla for.

Pasientskaden må ha ført til eit økonomisk tap

Hovudregelen er at pasientskaden må ha ført til eit økonomisk tap, utover det du uansett ville ha hatt. Erstatninga skal altså dekke ekstra utgifter som kjem av pasientskaden.

Har du eit økonomisk tap som er under 10 000 kroner, kan du ikkje krevje erstatning frå NPE. Da kan du i staden vende deg direkte til behandlingsstaden, der skaden skjedde.


Pasientskaden må ikkje vere for gammal

Du kan søke om pasientskadeerstatning seinast tre år etter at du burde ha forstått at det er behandlinga eller mangel på behandling som har ført til skaden. Dersom du søker for seint, seier vi at kravet er forelda.



Lurer du på om du skal søke erstatning?

På nettsidene våre, npe.no, kan du ta ein sjekk. Ved å svare på nokre enkle spørsmål, vil du få ein peikepinn på om du kan ha rett til erstatning.



**Kan eg søke erstatning for
skaden min?**

På npe.no finn du også søknadskjema og meir informasjon om reglane for erstatning, saksbehandlinga og eksempel på saker vi har behandla.



Om Norsk pasientskadeerstatning

Norsk pasientskadeerstatning (NPE) er ein statleg etat underlagd Helse- og omsorgsdepartementet.

Vi behandlar erstatningskrav frå pasientar som meiner dei har fått ein skade etter behandlingssvikt i helsetenesta.

Saksbehandlinga er gratis.

Norsk pasientskadeerstatning

Telefon:
22 99 45 00

E-post:
npepost@npe.no